

Sakshandsamar:

Jarlaug Lauritsen
E-post: jarlaug.lauritsen@sfj.no
Tlf.: 97178376

Vår ref.

Sak nr.: 19/1255-51
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

30639/19

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 11.06.2019

Notat**Frå:** Fylkesdirektøren**Til:** Hovudutval for kultur**Kulturmidlar 2019 - fordeling av midlar**

Mynde til å fordele fylkeskommunale tilskotsmidlar løyvde i vedteke budsjett er i delegeringsreglementet pkt 4.9 delegert til fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen har i ettertid vidaredelegert mynde til fylkesdirektør for næring og kultur.

Fylkeskommunale kulturmidlar vart lyst ut med søknadsfrist 1.mars. I medhald av delegert mynde er det gjort vedtak om fordeling av midlane for 2019. Fordelinga er gjort etter retningslinjer vedteke i HNK-sak 87/16, og presiseringar i HNK-sak 6/18 og 22/19.

Ramma til fylkeskommunale tilskotsmidlar i 2019 er fordelt slik:

Teneste 790 Kulturmidlar	kr 4,050.
Teneste 480 Folkehelseprogrammet	kr 1,488
Teneste 772 Kunstproduksjon	kr 0,303
Teneste 775 Idrett	kr 0,105
Sum	kr 5,946

Den samla summen er fordelt slik:

• Drift av fylkesdekkande kulturorganisasjonar	kr	2,290
• Festivalar	kr	1,175
• Spel/arrangørar	kr	0,265
• Prosjekt og tiltak	kr	0,115
• Fylkeskommunale avtalar, samarbeidstiltak	kr	0,410
• Kunstnarstipend/kulturpris (avsett)	kr	0,180
• Folkehelseprogrammet	kr	1,510
Sum	kr	5,945

Omtale og vurdering av søknadane følgjer som vedlegg. Totalt 108 søknadar er vurdert.

22 kulturorganisasjonar/drift, 7 festivalar, 7 spel/arrangørar, 4 prosjekt/tiltak og 13 folkehelseiltak er tildelt fylkeskommunal støtte til sin aktivitet. Fordeling av kunstnarstipend og fylkeskulturpris vert handsama seinare.

Kr 0,410 som er løyvd til fylkeskommunale avtalar/samarbeidstiltak gjeld midlar avsett til samarbeid med BFO, kurs/konferansar, skjøtselstiltak på kulturarvområdet og medlemskap i organisasjonen Norsk Verdsarv.

Tilskot til utviklingstiltak på kulturområdet vert handsama av HNK (jf sak 38/19 og eiga sak i dette møtet).